

	Smittevernsreglar ved pasienttransport i drosje		Dokument-id: D25355		
			Retningslinje		
Drift Støttefunksjonar - Driftsrutinar Pasientreiser	Utarbeidd av Helgås, Trude Njøsén	Godkjent av Øvrebø, Vidar	Versjon 1.00	Gyldig frå 10.11.2020	Rev. innan 10.11.2022
	EK-ansvarleg Rye, Sissel Anne Aarseth				

1 Føremål og omfang

Anbefalt tiltak for å redusere smitterisiko, samt forsterka tiltak som er aktuelt ved auka smitterisiko. Formålet er å beskytte pasient, ledsager og sjåfør, og begrense smittespreiing.

2 Framgangsmåte

Rekvirering av transport til pasientar med mistanke eller bekrefta covid-19 **skal** skje gjennom AMK på telefon 57830500.

Ordinær pasienttransport med smittevernstiltak

- Ein skal tilrettelegge for avstand på 1 meter mellom pasientar under transport
- Det blir anbefalt at alle i bilen nyttar munnbind ved lengre turar (over ein time)
- Pasient skal ikkje sitte i framsetet under transport. I dei tilfella der pasient må sitte framme, skal dette stadfestast av behandlande lege og avklarast med Pasientreiser
- Pasient og ledsager kan samkøyrast med opptil to i baksetet på ei ordinær drosje

Forsterka smittevernstiltak i områder med høg smitte

- Pasient skal ikkje sitte i framsetet under transport. I dei tilfella der pasient må sitte framme, skal dette stadfestast av behandlande lege og avklarast med Pasientreiser
- Det blir anbefalt at alle i bilen nyttar munnbind

FHI sine råd for transport av pasientar/brukarar under covid-19

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/rad-for-transport-av-personer-med-mistenkt-eller-bekreftet-covid-19-sykdom-via-pasientreise/>

Screeningspørsmål

Sjåfør skal både ved ordinære- og forsterka smittevernstiltak stille screeningspørsmål før pasient/ledsager får gå inn i drosja. Dersom svaret er JA på eit av screeningspørsmåla skal pasienten ikkje inn i drosja

1. Har du fått påvist koronavirus-smitte (covid-19) eller ventar du på prøvesvar?
2. Har du vore i nærkontakt med person med koronavirus-smitte (covid-19) siste 10 dagar?
3. Har du vore i utlandet siste 10 dagar?
4. Har du hatt eit eller fleire av symptoma nedanfor som har oppstått siste 10 dagar?
5. Feber
6. Hoste
7. Tung pust
8. Hovudverk med samstundes sjukdomsfølelse eller slappheit*
9. Nedsett lukte- og/eller smakssans*
10. Muskelverk*
11. Sår hals*
12. Rennande/tett nase eller nysing (forkjølelses symptom)*
13. Smerte i øvre del av magen, kvalme, oppkast eller diare*

*Slike symptom som varer kort tid (< 1 døgn) og meir enn tre dagar tilbake i tid vert ikkje vektlagde.

Pasientar med luftvegssymptom der det ikkje er mistanke om covid-19

Ved transport av pasientar med luftvegssymptom der det ikkje er mistanke om covid-19, og der pasienten ikkje kan køyre sjølv eller har andre som kan køyre seg, kan det gjerast følgande unntak: *Pasienten kan transporterast i drosje, men pasienten må gjennomføre handhygiene før han set seg inn i bilen, pasient må ha på seg munnbind og han/ho må sitte bak.* Unntaket må stadfestast av behandlande lege og avklarast med Pasientreiser.

Vi minner om at råd for reinhald av kontaktpunkt må følgast.